

M Ø T E B O K

for

KONTROLLUTVALET I HAREID KOMMUNE

MØTETID: 13.02.2014 kl. 08.30 – 10.20

MØTESTAD: Hareid rådhus, Møterom 1

MØTEDELTAKARAR:

Kontrollutvalet: Jarl Helmut Schröder (leiar)
Greta Kirkebø (nestleiar)
Inga Ishild Hareide (medlem)
Linda Haddal Røssevoll (medlem)

Vara som møtte: Marianne Overå

Faste medlemer som ikkje møtte:
Hallvard Sæverud

Vest kontroll: Jostein Støylen (dagleg leiar)

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS: Bodill Skeide (dagleg leiar/revisjonssjef)
Alf Marius Grønnevik
(forvaltningsrevisor)

Hareid kommune: Rådmannen i delar av sak 08/14.

Andre som møtte: Ingen

Møtet var leia av: Jarl Helmut Schröder

SAKLISTE

- SAK 01/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 02/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE
MØTE
- SAK 03/14 MELDINGAR
- SAK 04/14 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2013
- SAK 05/14 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2014
- SAK 06/14 MØTEPLAN
- SAK 07/14 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2013
- SAK 08/14 YMSE
- SAK 09/14 OPPFØLGINGSLISTE
- SAK 10/14 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT –
ØKONOMISTYRING OG BUDSJETTOPPFØLGING I HAREID
KOMMUNE – SAKA VART UTSETT TIL NESTE MØTE

SAK 01/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak:

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 10/14 vert utsett til neste møte.
2. Til å skrive under møteboka saman med leiaren vert vald Linda Haddal Røssevoll.

SAK 02/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak:

Møteboka frå møtet den 21.11.13 vert godkjent.

SAK 03/14 MELDINGAR

Vedlegg:

1. Sunnmørsposten, 29.11.2013: «Ber om at barnevernet vert kika i korta»
2. Vikebladet Vestposten, 03.12.2013: «Barnevernet i Hareid skal under lupen»
3. Rekneskapsrapport pr. 30.11.13

Samrøystes vedtak:

Meldingane 1 – 3 vert tekne til orientering.

SAK 04/14 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2013

Flg. møteprotokollar var til gjennomgang:

1 Kommunestyret:	18.12
2 Formannskapet:	18.11, 02.12, 18.12
4 Levekårsutvalet:	26.11
5 Nærings- og miljøutvalet:	25.11, 18.12
6 Eldrerådet:	20.11
10 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	20.11

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

SAK 05/14 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2014

Flg. møteprotokollar var til gjennomgang :

1 Kommunestyret:	06.02
2 Formannskapet:	27.01
4 Levekårsutvalet:	21.01
5 Nærings- og miljøutvalet:	21.01

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

SAK 06/14 MØTEPLAN**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sin møteplan vert vedteken i samsvar med vedlegget.

SAK 07/14 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2013**Samrøystes innstilling:**

Kommunestyret tek til etterretning årsmeldinga for kontrollutvalet for 2013.

SAK 08/14 YMSE

Opptekne tilhøve i saka:

1. Reguleringsplan Ytre Hareid hamn (vedlagt)
Klage er sendt til Fylkesmannen.
2. Eikenhytta (vedlagt)
Rådmannen vart henta for å gi informasjon. Han vil ta opp med rette vedkommande at formannskapssak PS 118/13 vert oppfølgt. Rådmannen vil gi utfyllande oppfølging i neste møte, 27.02.2014.
3. Ansvarstilhøve forvaltningsrevisjonsrapportar (vedlagt)
Leiaren orienterte om ansvarstilhøve vedkommande forvaltningsrevisjonsrapporten.
4. Leiaren orienterte om habilitet vedkommande utvalet sine medlemer.
5. Leiaren orienterte om korleis og kven som skal representere/uttale seg på vegne av kontrollutvalet. Dette er leiar, evt. nestleiar.

Samrøystes vedtak:

1. Tilhøve som Helmer Øvrelid peikar på i brev av 19.12.2013 vil ikkje kontrollutvalet vurdere å ta opp til behandling før dei får framlagt Fylkesmannen si behandling av klagen.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen gi utfyllande opplysningar i møte 27.02.2014 vedkommande Eikenhytta.
3. Orienteringane frå leiaren vedkommande:
 - Ansvarstilhøve forvaltningsrevisjon (pkt. 3)
 - Habilitet for kontrollutvalsmedlemer (pkt. 4)
 - Kven som skal representere/uttale seg på vegne av kontrollutvalet (pkt. 5)tek kontrollutvalet til vitande.

SAK 09/14 OPPFØLGINGSLISTE

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek oppfølgingslista til vitande.

**SAK 10/14 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – ØKONOMISTYRING OG
BUDSJETTOPPFØLGING I HAREID KOMMUNE**

Utsett til neste møte, jf. sak 01/14.

Møtet slutt.

Jarl Schröder

Linda Haddal Røssevoll

Møteprotokollen går til:

**Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**